



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

01.10.2024

Vår ref:

2023/9981

Dykkar dato:

Dykkar ref:

200806622

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Tore Larsen, 5764 3126

Merknad til naturmangfaldkartlegginga i saka om forlenga byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk i Høyanger kommune

Statsforvaltaren meiner at konsekvensane for både artar og naturtypelokalitet ved Kråkefossen er vesentleg undervurdert i den nye konsekvensvurderinga.

Vi viser til høyringa av søknaden om forlenga byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk, og vi må beklage at vi på grunn av stort etterslep av saker svarar først no lenge etter fristen. Vi har no fått sett gjennom rapporten frå den nye naturkartlegginga, og vi har nokre kommentarar til denne som vi meiner har relevans i saka.

Vår vurdering

Den nye kartlegginga etter oppdatert metodikk påviste raudlistearten skoddemose (sterkt truga – EN) ved elva, og det blei òg funne andre interessante moseartar. Vi er undrande til omtalen i rapporten om at «ingen av disse artene er tilknyttet vassdrag», og at både påverknad og konsekvens for skoddemose er vurdert til «ubetydeleg». Etter vårt syn er desse vurderingane klart misvisande.

Artsdatabanken skriv om skoddemose at «nær alle funn av arten i moderne tid er gjort i tilknytning til fossefall». I tillegg er også kystsotmose (norsk ansvarsart) oftast å finne i område som tidvis er svært fuktige, sjølv om dette ikkje treng å vere nær vassdrag. Artsdatabanken omtaler vidare at skoddemosen «påvirkes negativt av pågående vannkraftutbygging, og det er estimert en tilbakegang knyttet til bekker og små elver som reguleres. Den kan også bli påvirket av klimaendringer ved at ekstreme tørkesituasjoner vil forekomme hyppigere og dermed føre til svært lav vannføring over tid i flere vassdrag». Av fem raudlista artar som er nemnde i rapporten [Kartlegging av naturtyper, moser og lav langs små vassdrag i Norge \(NVE – rapport 50 – 2017\)](#), er skoddemose framheva som den mest relevante indikatorarten for yr- og sprutsonar ved fossar og stryk.

Skoddemose veks ofte på undersida av steinar eller bergknausar ved fossefall der den blir utsett for fosseyr. I konsekvensutgreiinga for Kråkefossen er det opplyst at funnet av arten blei gjort «under rotvelt av en gammel gran i granplantasjefeltet». Funnet er plotta inn heilt øvst i enden av eit granfelt like ved Kråkefossen.

Vi reknar med at skoddemosen vil bli vesentleg påverka av redusert vassføring og luftfukt. Felling av skog for å gi plass til veg og røyrgate kan i seg sjølv påverke fuktforholda i leveområdet negativt, men

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



ettersom skoddemosen er funne i utkanten av plantefeltet like ved Kråkefossen, er det redusert vassføring som vil få størst effekt. Vi vurderer det som klart sannsynleg at utbygginga kan føre til at førekomsten av skoddemose går tapt.

I kapittel 4.6. i rapporten er konklusjonen at også naturtypelokaliteten Kråkefossen har stor verdi. I kapittel 5.1. om påverknad og konsekvens er påverknaden av utbygginga for Kråkefossen vurdert til «noe forringet», og konsekvens til «noe konsekvens (-)» for naturtypelokaliteten. Det blir i den sammenhengen vist til at «NVE har i sin begrunnelse for valg av minstevannføring lagt vekt på at det i vekstsesongen skal slippes nok vann til å sikre at Kråkefossen kan opprettholdes som habitat for vanntilknyttede arter. Vannføringen blir likevel redusert i forhold til naturlig vannføring, og det antas at fossesprutsonen vil bli noe redusert».

Vi vil her peike på at både naturtypelokaliteten (fosseeng og fosseberg) og typiske fosseyrtilknytte artar er avhengige av jamt fuktige forhold heile året, og perioden med auka slepp av minstevassføring gjeld berre fire månader i sommarperioden. Det er ikkje greidd ut godt nok kva konsekvensar den låge minstevassføringa resten av året vil bety for overlevinga av naturtypelokaliteten og ikkje minst den høgt raudlista skoddemosen, og vi meiner at feil føresetnader (om artar knytt til vassdrag) er lagt til grunn for vurderingane og konklusjonane i rapporten.

Vi reagerer òg på at påverknad for moselyng (NT) berre er vurdert til «noe forringet», med «noe konsekvens». Det blei berre funne moselyng éin plass, der inntaksdammen er planlagt, og i tabell 2 er det vurdert at enkeltfunn av arten vil gå tapt. Ettersom dette er det einaste rapporterte funnet av arten i området, er med andre ord påverknad og konsekvens òg her klart undervurdert.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent